

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	PLAN-20/00381-27	Jan Rune Jacobsen +47 95104369	05.08.2021

Reguleringsplan Reistad Småbåthamn - Avgrensa høyring

Eigedom (gnr/bnr):	193 / 1
Plankonsulent	OSE AS

Etter offentlig ettersyn våren 2021 er det mottatt 6 innspel/merknader til planforslaget for Reistad småbåthamn. Alle frå offentlege instansar. Mellom anna er det reist motsegn frå Statsforvaltaren (SFMR). Etter dette har konsulent OSE AS innarbeid mindre endringar i plandokumenta for å etterkome innspela og legge til rette for at SFMR kan trekke motsegna. Som det går fram av vedlagte kopi av mail, varslar SFMR at dei på bakgrunn av endringane vil trekke motsegna.

Endringane går i korte trekk ut på at plangrensa er flytta noko lenger mot nordvest, inntil eksisterande fylling ved kaia. Moloen skal etter dette starte ved eksisterande fylling, istaden for aust om nausta. Moloen er også innskrenka ca. 10 meter i den austlege delen. I tillegg er det lagt inn turveg på landsida av hamna, istaden for køyreveg og areal for småbåthamna. Planføresegnene er supplert m.a. med krav om geoteknisk prosjektering og ansvarsrett for tiltak i grunnen og molo. Vidare er det lagt inn ei omsynssone i samband med muleg stormflo og havnivåstigning. Både planomtalen og sjekklista for risiko og sårbarheit er oppdatert.

Adm.sjefen viser elles til merknadsvurderingane gjort av OSE AS og stller seg bak desse. Etter som endringane er små og planforslaget framstår som lite kontroversielt, legg adm.sjefen opp til ei avgrensa høyring av desse endringane og gir ein kort frist for tilbakemelding. Dette grunna i at vi tek sikte på at revidert reguleringsplanforslag kan sluttbehandlast i planutvalet den 7.september og kommunestyret den 16.september. **Frist for tilbakemelding blir derfor sett til seinast 26.august.**

Med helsing

Jan Rune Jacobsen
Planansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Detaljplan Reistad småbåthamn - merknadsvurdering offentlig ettersyn_2021.06.30

DP Reistad småbåthamn - tilbakemelding motsegn Statsforvaltaren

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn gbr. 193_1 - føresegner_2021.06.30_gula ut

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn, gbr. 193_1 - plankart_2021.06.30

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn, gbr. 193_1 - planomtale_2021.06.30_gula ut

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn, gbr. 193_1 - sjekklister ROS_2021.06.30_gula ut

Mottakere:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

STATENS VEGVESEN

OSE AS

MOLDE OG ROMSDAL HAVN IKS

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

David Reistad

KYSTVERKET